



BØ SPAREBANK



Delårsrapport

2. kvartal 2013

Hovudpunkt frå kvartalstala pr. 2. kvartal 2013

- *Framleis fall i rentenetto*
- *Stabile andre inntekter, med pluss for utbytte*
- *Ekstraordinære kostnader ved fusjon*
- *Svært god likviditet*
- *Kraftig innskotsvekst*
- *Liten vekst i utlån, ein del overflytting til Eika BK*

Resultatrekneskap

Resultatutvikling visa ved nøkkeltal i % av gj.sn. forvaltningskapital

	Pr. 30.06.2012	Pr. 31.03.2013	Pr. 30.06.2013
Rentenetto	1,87 %	1,64 %	1,54 %
Andre driftsinntekter	0,31 %	0,33 %	0,54 %
Lønn og generelle adm.kostnader	1,20 %	1,06 %	1,15 %
Andre driftskostnader	0,20 %	0,40 %	0,36 %
Tap på utlån	0,17 %	0,15 %	0,11 %
Resultat av ordinær drift	0,61 %	0,36 %	0,47 %

Rentenetto

Gjennomsnittleg rentenetto er redusert med 0,31 % sidan nyttår, og ligg 0,33 % lågare enn same tid i fjor. I rekneskapen er det lagt inn 1 million kr. i sikringsfondsavgift for året 2013. Dette hadde vi ikkje sist år, og dette reduserar rentenettoen tilsvarande på årsbasis. Nye likviditetskrav bind innskot til låg avkastning, og midlertidig svært stor overskotslikviditet påverkar rentenettoen negativt. Vi har sett i verk tiltak, og ventar ei betring i rentenettoen i 3. kvartal.

Netto andre driftsinntekter

Netto provisjonsinntekter er relativt stabile. Vi har fått utbetalt aksjeutbytte i 2. kvartal. Dette gjeld vesentleg utbytte frå Eika Gruppen AS. Dette i tillegg til gevinst på verdipapir gjev betre samla driftsinntekter enn sist år.

Driftskostnader

Driftskostnadene pr. 2 kvartal er om lag 1,1 mill. kr. høgare enn sist år. Reelt sett er kostnadsutviklinga betre enn fjoråret da ein for 2013 set av kr. 300.000 månadleg til forventa fusjonskostnader.

Taps- og misleghaldutvikling

Ved utgangen av kvartalet har vi bokført tapskostnad tilsvarande budsjett. Så langt i året ser vi ikkje utvikling i vår låneportefølje som tyder på behov for større tapsavsetnader.

Resultat av ordinær drift

Samla resultat etter skatt pr. 2. kvartal 2013 er 3,178 mill. kr., mot 4,049 mill. kr. i 2012. Vi vurderar dette som eit svakt resultat. Bø Sparebank og Seljord Sparebank fusjonerar i løpet av oktober 2013, og kostnader omkring dette påverkar resultatet.

Balanse

Utvikling nøkkeltal i tusen. kr. ;

	Pr. 30.06.2012	Pr. 31.03.2013	Pr. 30.06.2013	12 mnd. Vekst %
Forvaltningskapital	1.833.101	1.918.262	1.949.074	6,33 %
Utlån til kundar	1.531.169	1.458.033	1.426.026	-6,87 %
Utlån gjennom Eika Boligkreditt	101.227	142.631	187.802	85,53 %
Utlån totalt inkl. EBK	1.632.396	1.600.664	1.613.828	-1,14 %
Innskot frå kundar	1.294.358	1.412.938	1.453.243	12,28 %

Forvaltningskapitalen

Forvaltningskapitalen er på 1.949 mill. kr. Dette er ein auke på 6,33 % frå same tid sist år. Frå nyttår er forvaltninga auka med vel 78 mill. kr. Årsaka ligg vesentleg i stor innskotsvekst generelt. Ein stor del av denne innskotsveksten er midlertidig.

Utlån til kundar

Utlån til kundar på eigen balanse er 1.426 mill. kr. som er ein reduksjon på 6,87 % frå same tidspunkt sist år. Utlåna fordelar seg med 27 % på bedriftsmarknaden, og 73 % på privatmarknaden. Utlån gjennom Eika Boligkreditt utgjer 187,8 mill. kr. Vi har ein bevisst politikk med å plassere nye lån via EBK, og har siste året auka lån i EBK med over 86,5 mill. kr. Garantiar utgjer ved utgangen av 2. kvartal 49,1 mill. kr.

Innskot

Innskot frå kundar utgjer 1.453 mill. kr. Dette er ein auke på heile 158,9 mill. kr. frå same tid sist år. Ein auke på heile 12,28 %. Vi har ein innskotsdekning på 101,9 %. Situasjonen er midlertidig, da vi er kjent med at ein kunde med store innskot pt. kjem til å investere desse utover hausten.

Likviditetssituasjonen

Vi har for tida unormalt høg plassert likviditetsreserve. I tillegg har vi trekkrettar som ligg som reserve.

Ved kvartalsskifte var vår LCR 138,2 og LBI 147,3. Dette er god margin i høve til framtidige krav.

Soliditet

Eigenkapitalprosenten (eigenkapital inkludert årets overskot i % av forvaltning) ved utgangen av 2. kvartal er 9,9 %.

Kapitaldekninga utgjer 21,8 %, og kjernekapitaldekninga 21,7 %.

Overskot så langt i året er ikkje med i berekningane for kapitaldekning og kjernekapitaldekning.

Risikoforhold

Banken gjennomfører årleg ICAAP, og vurderar risikoprofil og kapitalbuffer som god.

I denne samanheng har vi og utarbeidd kapitalplan og risikomatrise for drifta.

Vi vurderar det ikkje som naudsynt å gjere spesielle tiltak for å møte nye kapitalkrav på noverande tidspunkt. I samband med fusjon med Seljord Sparebank vil ein vurdere samansetjinga av obligasjonslån og forfall.

Framtidsutsiktar


Rekneskapsresultatet etter 2. kvartal er svakt. Ekstrakostnader i samband med fusjon med Seljord Sparebank pregar resultatet. Vi har stor konkurranse i vår marknad og veksten er liten, men vi har liten avgang på kundar. Vi budsjetterer framleis med liten vekst, men reknar med betre inntening i siste halvår.

Bø Sparebank

Resultat (1.000 kr.)	2. kvartal		Hittil i år		Året 2012
	2013	2012	2013	2012	
Renteinntekter og lignende inntekter	18.138	19.892	36.241	40.151	78.278
Rentekostnader og lignende kostnader	11.281	10.996	21.820	22.818	43.963
Netto rente- og kredittprovisjonsinntekter	6.858	8.896	14.421	17.333	34.315
Utbytte og andre inntekter av verdipapirer med var. avkastning	1.667	103	1.824	182	199
Provisjonsinntekter og inntekter fra banktjenester	1.650	1.514	2.996	2.887	5.813
Provisjonskostnader og kostnader fra banktjenester	317	288	653	620	1.330
Netto verdiendr. og gev./tap på val. og verdipapirer omløp	570	144	933	446	1.120
Andre driftsinntekter	1	0	1	1	2
Netto andre driftsinntekter	3.572	1.473	5.102	2.896	5.803
Personalkostnader	3.212	3.322	6.413	6.707	12.725
Administrasjonskostnader	2.688	2.494	4.370	4.441	7.521
Avskrivning m.v. av varige driftsmidler og imm. eiendeler	45	30	90	70	132
Andre driftskostnader	1.428	847	3.246	1.779	4.334
Sum driftskostnader	7.373	6.693	14.119	12.997	24.712
Resultat før tap	3.057	3.676	5.404	7.232	15.406
Tap på utlån, garantier m.v.	325	1.053	1.000	1.618	5.434
Sum nedskr/rev av nedskrivning	0	0	0	0	0
Resultat av ordinær drift før skatt	2.731	2.623	4.404	5.614	9.973
Skatt	758	728	1.226	1.565	3.234
Resultat av ordinær drift etter skatt	1.974	1.894	3.178	4.048	6.738

Balanse (1.000 kr.)	30.06.13	30.06.12	31.12.12
EIENDELER			
Kontanter og fordringer på sentralbanken	108.222	54.693	106.581
Utlån til og fordringer på kredittinstitusjoner	161.108	99.445	84.395
Utlån til og fordringer på kunder	1.426.026	1.531.168	1.492.859
Individuelle nedskrivninger	-12.850	-9.850	-12.350
Nedskrivninger på grupper	-10.200	-10.200	-10.200
Sum netto utlån og fordringer på kunder	1.402.976	1.511.118	1.470.309
Overtatte eiendeler	1.000	1.000	1.000
Sertifikater, obligasjoner og andre rentebærende verdipapirer med fast avkastning	190.414	112.739	132.377
Aksjer, andeler og andre verdipapirer med variable avkastning	62.617	31.516	51.985
Eierinteresser i konsernselskap	10.266	10.266	10.816
Utsatt skattefordel	0	0	0
Varige driftsmidler	243	260	243
Andre eiendeler	924	1.059	1.803
Forsk. betalte ikke påløpne kostnader og opptj. ikke mottatte inntekter	11.303	11.006	11.325
SUM EIENDELER	1.949.074	1.833.102	1.870.833
GJELD OG EGENKAPITAL			
Gjeld til kredittinstitusjoner	111.517	86.371	111.410
Innskudd fra og gjeld til kunder	1.453.243	1.294.358	1.327.055
Gjeld stiftet v/utstedelse av verdipapirer	127.500	197.000	197.000
Annen gjeld	8.966	13.203	5.670
Påløpte kostnader og mottatte ikke opptjente inntekter	19.107	18.920	3.782
Avsetninger for påløpte kostnader og forpliktelser	917	895	1.272
Ansvarlig lånekapital	35.000	35.000	35.000
SUM GJELD	1.756.250	1.645.747	1.681.188
Egenkapital 1.1.	189.645	183.307	189.645
Regnskapsperiodens resultat	3.178	4.048	
SUM GJELD OG EGENKAPITAL	1.949.074	1.833.102	1.870.833

Bø, 12.08.2013



Trygve Myrene
Styrets leder



Augon Eika




Olav Berge

Geir Helge Espedalen



Gunn Anita Stenstad



Bert Vølleng Sanden



Halgeir Kaasa
Banksjef

Tap og misleghaldsnote 2. kvartal 2013 - Bø Sparebank

Tap på utlån

	30.06.2013	31.12.2012
Periodens endring i ind. nedskr.	500	3.180
Periodens endring i gruppe.nedskr.		
Periodens konstaterte tap tidl. er nedskrevet for	126	
Periodens konstanterte tap som tidl. ikke er nedskrevet for (periodisering)	480	2.867
Periodens inngang på på tidl.	-106	613
Perioders nedskrivinger		
Periodens tapskostnad	1.000	5.434

Misleghaldne engasjement
(tusen kroner)

	30.06.2013	31.12.2012
Brutto misleghaldne utlån	24.427	23.931
Ind. Nedskrivinger	-8.900	-8.400
Netto misleghaldne utlån	15.527	15.531

**Andre tapsutsette
Engasjement**
(tusen kroner)

Tapsutsette engasjement (ikkje misleghaldne)	12.176	12.429
Individuelle nedskr.	-3.950	-3.950
Netto tapsutsette eng.	8.226	8.479